



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 22.10.2013  
**Møtetid:** 13:00 - 13:55  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av 10 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Roy Vegar Hope (H)	Ingen
Birthe Skar-Moum (Ap)	Ingen

### **Andre som var til stades på møtet:**

Grete Lill Hjartnes, pleie- og omsorgsleiar (i sak 002/13)  
Odd Agnar Eikås, verneombod i eining for pleie og omsorg (i sak 002/13)

### **Merknader:**

Dette var første møte i administrasjonsutvalet i 2013. Det har vist seg utfordrande å finna saker til utvalet. Representantane vart på slutten av møtet oppmoda om å koma med forslag til saker/tema som kan takast opp i utvalet.

<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	Ingen saker
------------------------------	-------------

Tysse, 12.02.2014

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/13	13/577	Faste saker	
002/13	13/524	Leasingbilar i pleie og omsorg - spørsmål om firehjulstrekk	
003/13	10/443	Kompensasjon for bruk av privatbil i tenesta - eventuell regulering av satsar	

**SAKNR. 001/13**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**22.10.2013 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Ingen delegerte vedtak/referatsaker vart tekne opp.

Samrøystes vedtak.

Oversikt over røyster:

- Marit Aksnes Aase (Krf)
- Brigt Olav Gåsdal (Ap)
- Øyvind Røen (Sp)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)
- Heidi Gjerde (Fagforbundet)
- Bjørg Tvedterås (Fagforbundet)
- Toralf Enes (Utdanningsforbundet)

**ADM-001/13 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent

**SAKNR. 002/13**

**LEASINGBILAR I PLEIE OG OMSORG - SPØRSMÅL OM FIREHJULSTREKK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**22.10.2013 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Grete Lill Hjartnes og Odd Agnar Eikås la fram ein del spørsmål/problemstillingar knytt til bruk av eventuelle el-bilar i pleie og omsorg. Grete Lill Hjartnes hadde vore i kontakt med Vaksdal, Osterøy og Fusa. Osterøy og Fusa har ikkje el-bilar i heimetenestene. Vaksdal kommune har ein el-bil, som dei har hatt siden februar 2013.

Brigt Olav Gåsdal viste til avtale mellom fleire av gruppene i kommunestyret om målsetjing om å bruka fornybare energikjelder/miljøvenlege løysingar i kommunen.

Det var semje i administrasjonsutvalet om at eining for pleie og omsorg skal vurdere el-bilar når tenestebilar i eininga skal skiftast ut. Det vert her vist til målsetjing i kommunen sin energi- og klimaplan. Det kjem stadig fleire el-bilar på marknaden og det er viktig at kommunen følgjer med på denne utviklinga. Mellom anna gjeld dette utviklinga i tilbodet av firehjulsdrivne el-bilar. Miljø-/klimamessige omsyn må vegast opp mot eventuelle ulemper for tilsette når tenestebilar skal skiftast ut. Det vert opp til rådmannen i samråd med eining for pleie og omsorg å ta avgjerd om kva type bil(ar) som skal kjøpast/leasast etter kvart som tenestebilar skal skiftast ut.

Det vart ikkje sett fram framlegg til vedtak eller røysta i saka.

#### **ADM-002/13 VEDTAK:**

Det vart ikkje røysta i saka.

#### **SAKNR. 003/13**

#### **KOMPENSASJON FOR BRUK AV PRIVATBIL I TENESTA - EVENTUELL REGULERING AV SATSAR**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Satsane for kompensasjon til tilsette i Samnanger kommune som må bruka privatbil i tenesta, ref. vedtak i administrasjonsutvalet 24.10.2010 i sak 011/10, vert frå 01.11.2013 endra til:

- 7074 kroner for tilsette som har mellom 500 og 1500 km tenestekøyring pr. år.
- 11200 kroner for tilsette som har meir enn 1500 km tenestekøyring pr. år.

Etter 01.11.2013 skal satsane regulerast automatisk når det vert gjort endringar i maksimumssatsen i § 4 i sentral særavtale SGS 1001 (Reiseregulativet).

#### **22.10.2013 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Samrøystes vedtak.

Oversikt over røyster:

- Marit Aksnes Aase (Krf)
- Brigt Olav Gåsdal (Ap)
- Øyvind Røen (Sp)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)
- Heidi Gjerde (Fagforbundet)
- Bjørg Tvedterås (Fagforbundet)
- Toralf Enes (Utdanningsforbundet)

#### **ADM-003/13 VEDTAK:**

Satsane for kompensasjon til tilsette i Samnanger kommune som må bruka privatbil i tenesta, ref. vedtak i administrasjonsutvalet 24.10.2010 i sak 011/10, vert frå 01.11.2013 endra til:

- 7074 kroner for tilsette som har mellom 500 og 1500 km tenestekøyring pr. år.
- 11200 kroner for tilsette som har meir enn 1500 km tenestekøyring pr. år.

Etter 01.11.2013 skal satsane regulerast automatisk når det vert gjort endringar i maksimumssatsen i § 4 i sentral særavtale SGS 1001 (Reiseregulativet).

